

Se mottakertabell

Sakshandsamar: Nora Torgersen

Vår ref: 16/00264-191

Vår dato: 05.09.2025

Dykkar ref:

Dykkar dato:

Informasjon til deg som skal ta nasjonal deleksamen i matematikk for grunnskolelærerutdanningane 2. desember 2025 i WISEflow (nynorsk)

Kjære student,

NOKUT er ansvarleg for gjennomføringa av nasjonal deleksamen i matematikk for GLU 1-7 og GLU 5-10. På NOKUTs nettsider kan du finne informasjon om nasjonal deleksamen:

<https://www.nokut.no/utdanningskvalitet/nasjonal-deleksamen/>

Nasjonal deleksamen er ein skriftleg skuleeksamen på fire timer som vert halde 2. desember kl. 09.00-13.15. Du har fått 15 minutt ekstra for å klargjere svaret ditt. Fristen for å levere eksamen er absolutt, så planlegg tida godt så du får levert i tide.

Eksamen

Du loggar inn med Feide i NOKUT sin lisens av WISEflow, <http://no.wiseflow.net/nokut>, for å gjennomføre eksamen. Det er to oppgåvetyper:

1. Oppgåver der du skriv svaret ditt i form av tekst
2. Oppgåver der du skal nytte matematiske uttrykk, eller teikne/illustrere

Om du skal nytte matematiske uttrykk, kan du gjere dette direkte i svaret ditt ved hjelp av symbol-/formelknappane over svarfeltet. **Merk at «Teiknemodus» berre er ein kladdefunksjon, og det blir ikkje lagra som del av svaret ditt.**

Du kan også velje å skrive matematiske uttrykk/teikne/illustrere på papir, og ta bilete av det, om det er lettare for deg. I så fall må du hugse på følgande:

- Ta bilete av teikninga/illustrasjonen ved bruk av webkamera
- Legg bileta inn under riktig oppgåve i svaret ditt
- Gå til «Administrer vedlegg», trykk på «Nytt vedlegg» og vel webkamera. Du kan òg velje å teikne eller leggje inn formalar som vedlegg. Hugs å vise til vedlegget i svaret på oppgåva.
- Dei siste 15 minutta bør du sette av til å kvalitetssikre kvalitet på og plassering av bileta dine

Korleis kan eg førebu meg til eksamen?

Vi tilrår å sjå på tidlegare eksamensoppgåver og sensorrettleiingar. Både eksamensoppgåver for GLU 1-7 og GLU 5-10 finn du her: <https://www.nokut.no/utdanningskvalitet/nasjonal-deleksamen/nasjonal-deleksamen-for-grunnskolelarerutdanningene-glu-17-og-510/> → Tidligere eksamensoppgaver / → Sensorveiledninger

Det er viktig at du kjenner til det digitale eksamensverktøyet ved institusjonen din (WISEflow). Informasjon om dette finn du på institusjonen si heimeside. På sjølve eksamensdagen loggar du inn med Feide i NOKUT sin lisens av WISEflow, i staden for institusjonen sin lisens. Omtrent to veker før eksamensdato vert det klart for at du testar at pålogginga fungerer som den skal og gjer deg kjend med korleis du nyttar WISEflow. Eksamenskontoret ved institusjonen din vil gje deg meir informasjon om dette.

Tilrettelegging på eksamen

Studentar som har ein funksjonsnedsetting, særskild behov eller en sjukdom som gir ulemper i eksamenssituasjonen kan søkje om tilrettelagt eksamen. Gjeld det deg, må du søkje om dette ved institusjonen der du er student.

Hjelpemiddel

Hjelpemiddel er ikkje tillatne, heller ikkje GeoGebra.

Vurdering og sensur

Svaret ditt vert sensurert av to sensorar frå eit nasjonalt kvalitetssikra sensorkorps. Sensorkorpset er oppnemnt av NOKUT, og består av fagpersonar frå heile landet. Sensorane kjenner korkje kandidatanes identitet eller institusjonstilknytning, og dei får eit tal tilfeldig utvalde svar til vurdering. Slik vil sensuren i størst mogleg grad være bredt kalibrert og ikkje påverka av anna enn svarteksten i seg sjølve. Ditt svar blir retta av to sensorar frå forskjellige institusjonar. Sensorkorpset i sin heilskap møtest òg for å diskutere føringane i sensorrettleiinga før karakterfastsetting. Karaktergrensene er kriteriebaserte, og karakterane blir ikkje sette etter normalfordeling. Det vil seie at grensene kan variere etter kor vanskeleg oppgåvene er og deira kompetansenivå.

Sidan sensorane ikkje skal kjenne korkje kandidatanes identitet eller institusjonstilknytning, er det viktig at du på eventuelle skanneark berre skriv kandidatnummeret ditt og ikkje andre identitetsmarkørar, slik som emnekode eller institusjonstilknytning. Når sensuren er klar, kan du logge inn på eksamen for å sjå sensur og poenggivning. Sensuren vert òg formidla på vanlig måte.

Sensurfrist er 23. desember.

Grunngjeving

Saman med sensuren ligg det ein detaljert poenggivning på ditt svar i eksamenssystemet. Denne, i tillegg til sensorrettleiingas poengskildring, utgjer din grunngjeving. Du trenger difor ikkje be spesifikt om grunngjeving for karakter.

Klage

Klagerett følger lov om universitet og høyskuler, slik som ved alle andre eksamenar. Krav om ny sensur melder du inn til ditt lokale eksamenskontor. Ved krav om ny sensur vil to andre tilfeldig utvalde sensorar vurdere svaret ditt på ny.

Ny/utsett eksamen

For aktuelle studentar vil ny/utsett eksamen verte halde 20. mai 2026, etter institusjonens eigne reglar for kven som kan gå opp til ny/utsett eksamen.

Har du spørsmål?

Kontakt faglæraren din eller eksamenskontoret ved institusjonen din om du har spørsmål rundt eksamen. Du kan også kontakte NOKUT på deleksamen@nokut.no.

Med helsing

Kjetil Sletteng Ulvik
seksjonssjef

Nora Torgersen
førstekonsulent

Dokumentet er elektronisk signert.

Vedlegg: Informasjon til deg som skal ta nasjonal deleksamen i matematikk for
grunnskolelærerutdanningane 2. desember 2025 i Inspira
Informasjon til deg som skal ta nasjonal deleksamen i matematikk for
grunnskolelærerutdanningene 2. desember 2025 i WISEflow
Informasjon om nasjonal deleksamen i matematikk for grunnskulelærerutdanningane 2. desember
2025 (nynorsk)
Informasjon til deg som skal ta nasjonal deleksamen i matematikk for
grunnskolelærerutdanningane 2. desember 2025 i Inspira
Informasjon til deg som skal ta nasjonal deleksamen i matematikk for
grunnskolelærerutdanningane 2. desember 2025 i WISEflow (nynorsk)

Mottaker	Kontaktperson	E-post	Adresse	Post
NORGES TEKNISK- NATURVITENSKAPELIGE UNIVERSITET NTNU		postmottak@ntnu.no	Postboks 8900 Torgarden	7491 TRONDHEIM
NORD UNIVERSITET		postmottak@nord.no	Postboks 1490	8049 BODØ
UNIVERSITETET I SØRØST-NORGE		postmottak@usn.no	Postboks 4	3199 BORRE
OSLOMET - STORBYUNIVERSITETET		postmottak@oslomet.no	Postboks 4 St.Olavs Plass	0130 OSLO
UiT - UNIVERSITETET I TROMSØ - NORGES ARKTISKE UNIVERSITET		postmottak@uit.no	Postboks 6050 Stakkevollan	9037 TROMSØ
HØGSKOLEN I ØSTFOLD		postmottak@hiof.no	Postboks 700	1757 HALDEN
HØGSKULEN I VOLDA		postmottak@hivolda.no	POSTBOKS 500	
NLA HØGSKOLEN AS		post@nla.no	Postboks 74	5812 BERGEN
UNIVERSITETET I AGDER		post@uia.no	Postboks 422	4604 KRISTIANSAND S
UNIVERSITETET I STAVANGER		post@uis.no	Postboks 8600	4036 STAVANGER
HØGSKULEN PÅ VESTLANDET		post@hvl.no	Postboks 7030	5020 BERGEN
UNIVERSITETET I INNLANDET		postmottak@inn.no	Postboks 400 Vestad	2418 ELVERUM